

TETTSTADSPROSJEKT
SYKKYLVEN KOMMUNE 2023-2024

Skaparglede i sentrum



Foto: Kristin Støylen

Introduksjon

Kva vil gjere Sykkylven sentrum til ein stad du har lyst til å oppsøke og opphalde deg i?

Sykkylven kommune søkte i 2023 fylkeskommunen om midlar til tettstadsprosjektet “Skaparglede i sentrum”.

Det overordna målet har vore å revitalisere sentrum som handelsstad, som arena for aktivitet og opplevingar – og som ein attraktiv møteplass for innbyggjarar og tilreisande. Det vart i søknaden vektlagd kvalitetane til Sykkylven sentrum; ein kompakt kvadratur med urbane og historiske kvalitetar – og eit sentrum med eit stort potensiale for utvikling. To tredjedelar av prosjektmidlane handla om fysiske prosjekt (bibliotekspark og vinterlys), som no er gjennomførte og tatt godt i mot av både innbyggjarar og besøkande. Den siste delen omhandla ei prosjektleiarstilling med ein treårig tidshorisont.

I denne rapporten vil vi fortelle meir om dei ulike aktivitetane og prosjekta vi har gjennomført dette første året - samt refleksjonar kring korleis ein kan fortsette å arbeide for ei positiv haldningsendring innad i lokalbefolkninga. Kva rolle er det naturleg at ein tettstadsressurs tek? Kva erfaringer har ein gjort seg i utviklingsarbeid og som koblingsaktør? Kva for nokre samarbeid treng styrking, og korleis kan kommunen bidra?

SKREVEN AV

Anne Marie Andreassen



BIBLIOTEKET

Foto: Kristin Støylen

Korleis var ståda?

Prosjektåret starta med å få oversikt over dagens sentrumssituasjon. Kvifor hadde vi plutseleg ni tomme og mørke lokaler, i kort avstand frå kvarandre? Kvifor er det lav interesse for å etablere seg i, opphalde seg i, og for å framsnakke sentrum?

Fleire store brikker var i bevegelse; flytting av bibliotek, store matvareaktørar flytta ut av kvadraturen for å plassere seg i utkantane – og apotek og vinmonopol følgde etter. Vi observerte ei noko resignert haldning blant fleire, men samtidig stor kjærleik for bygdesentrumet vårt. Alle er einige om at vi vil ha meir aktivitet, men har vanskeleg for å tru at det er mogleg. Mange refererte til ting som har vore forsøkt før, med varierende resultat og dermed også varierende motivasjon til å forsøke på nytt.

Tettstadsprosjektet holdt ein innleiande presentasjon i kommunestyret i februar 2024, kor vi peikte på ein del av funna, og utfordringane vi ser i sentrum. I den forbindelse vart det vist bilete av kor mange av vindauga på bakkeplan som er heilt gjentetta - anten med heildekkande folie, gråpapir eller rett og slett bygd att med innervoggar. Det som var overraskande for oss, var at dette kom overraskande på fleire av tilhøyrarane. Dette hadde dei faktisk ikkje tenkt over, men når dei såg kor omfattande det var, så var det jo absolutt ikkje bra!

Så, kva rolle kan kommunen spele i eit sentrum? Administrasjon og politikarar kan påverke aktivitet og bevegelsesmønster til innbyggjarane, gjennom strategisk plassering og samlokalisering av viktige kommunale funksjonar. Dette var Sykkylven allereie godt i gang med. Etter å ha stått tomt i fleire år, vart eit stort raudbrunt 70-tallsbygg oppkjøpt av kommunen, med intensjon om nettopp dette; å fylle den gamle sparebanken med nytt liv - midt i kvadraturen.

I februar 2022 flytta Skaparlinken inn; ein moderne co-work, kor ein mellom anna finn Sykkylven Næringsutvikling, Hoppid-kontoret, leiaren for omstillingsprogrammet og sekretariatet for handelsforeninga. Her blir det regelmessig arrangert frukostmøter med faglig innhald og inspirasjon, noko som gjer at veldig mange har vore innom dørene. Og ikkje vil dei gå etterpå heller - anten blir dei att for å fortsette å diskutere ei problemstilling, eller fordi dei fekk helse på en ny person. Den første torsdagen i månaden vil du også finne ordførar og teknisk sjef sittande i fellesarealet ein times tid, klar for å ta ein prat om det du måtte ha behov for.

I første etasje har vi fått eit nytt og moderne bibliotek - som flytta frå tredje etasje i nabobygget og ned på bakkeplan. «Location, location, location» er eit noko forslitt mantra, men for biblioteket har det vist seg å vere eit avgjerande grep. Kombinert med oppgradert innredning og ny lesesal, har også dette blitt ein stad det er lett å stikke innom - og kor det er godt å bli verande.

Utstyrssentralen har fått plass i kjellaren, og ein kan no stikke innom og få med seg ei bok av Jon Fosse, slalomsko og el-sykkel – på eitt og same lånekort.



Bibliotekspark

Tilrettelegging av inspirerende og fleirfunksjonelle møteplassar, ute som inne. I år fekk vi innvia den nye biblioteksparken vår, til stor jubel!



Foto: Kristin Støylen

Det gamle bankbygget hadde eit område i front som var regulert til park, og hadde tidlegare vore eit velhaldt område med eigen gartner – til tross for at store delar var dekt av stein. Takka vere tettstadsmidlar frå fylket, har vi no fått opna ei ny grøn lunge midt i kvadraturen; biblioteksparken. Den rommar fleire funksjonar, alt frå utescene til sjakkbord og hyggelege seteplassar.

Parken blei høgtideleg opna i juni '24, og har allereie blitt brukt til små konsertar og lunsjplass i sola. Krona på verket kom i november det same året, då det vart montert opp eit lystak over scena; siste del av Lions sitt Vinterlys-prosjekt.



Vinterlys

Tenk på alt vi kan få til i lag! Eit prosjekt som lysar opp kvardagen til sykkylvingar, frå november til februar.



Vinterlys er eit samarbeidsprosjekt mellom kommune og frivilligheit, som viser kor suksessfulle hybridprosjekt kan vere. Den lokale Lions-avdelinga har i mange år vore ansvarlege for julelysa i sentrumet vårt, men dei leika no med tanken på å gjere noko større ut av det enn berre dei same åtte lenkene på tvers over Kyrkjevegen.

Ved å kalle det vinterlys (framfor julelys), har dei også ei heilt anna friheit til å la det stå oppe og lyse opp mørketida lengre enn kun adventsvekene.

At kommunen er med på spleiselaget gir auka motivasjon for dei frivillige, og det er allereie vidare dialog på korleis vi kan arbeide saman framover – både med utviding av vinterlys, men også andre prosjekt som vil vere til glede for mange.





“Hadde ikkje dette vore noko?”

For å kick-starte prosjektåret hadde vi eit ønskje om å gjere noko som ville få merksemda til folk, og sette fokus på moglegheitsrommet i sentrumet vårt. Resultatet blei kampanjen “LYSA PÅ”.



Saman med Sykkylven handelsforening, huseigarar og Sykkylven Næringsutvikling køyrde vi ein kampanje som vi kalla «Lysa på». Ved å lage fiktive konsept til dei tomme lokala, klistre på store logoar og skru på lysa – staga vi et «could be»-sentrum. Vi hadde også ein opplysnings-tekst på sida som forklarte kva kampanjen gjekk ut på – med overskrifta «Hadde ikkje det her vore noko?»

Hovedbudskapet var «Vi er mange som vil hjelpe deg å realisere din draum» – og teksten var stila frå felles avsendar; vi som har hjarte for Aure sentrum. Vi la også til ein QR-kode som linka til meir informasjon og som fungerte som ei direktelinje til næringsapparatet og søkbare midlar.

Konsepta som blei plassert rundt i sentrum vart skapt ut i frå fleire kriterier. Fleire av dei var uttalte ønskje frå lokalbefolkninga, avdekt under dybdeintervju i startfasen av prosjektåret – medan andre vart skapt for å vise ei breidde i tilbod. Ikkje all aktivitet treng å ver knytt til detaljhandel, og ein må som sentrum i ein tettstad tenkje nytt. Eit godt sentrum består nemleg av “litt av alt”, og vi ønskjer eit sentrum som gjer at folk får anledning til å møtast - både innanfor og utanfor husveggane.



SPJÅK NEGLEBAR

"Hadde ikke dette være nå!"
Dette er ein kjempe stor vi har
på fyll i dei beste lokala for å
være ferdig vi kan fylle sentrum
med folk! Fyll på ei trygg og
skule til og med å ha det for
ei Aare sentrum skal påskere!
Om du går med ein busskule,
så er vi her - Aare har å støtte deg
og til sentrum.
SPJÅK lenke til Aare sentrum,
Helseforholdene, helseforholdene,
SPJÅK og fyll på sentrum


Vi skrudde lysa på

I løpet av få timar fekk Sykkylven ein sushi & ramen-restaurant, bokhandel, cocktailbar, folkeverkstad, sambryggeri, mountainguiding, lokalmatutsalg, bowling, neglesalong, sportspub og møbeloutlet.

Ser du det for deg?

Responsen var umiddelbar, og det tok ikkje mange minutta frå folien var oppe til lokalavisa var på tråden. Dei hadde fått mange spørsmål om kva som skjer - og det var litt av vårt mål. Dette skulle komme som ei overrasking, og lage litt støy.

Nokre blei sjølvstøtt skuffa når dei forstod at det berre var ei kampanje, medan andre meinte det var eit artig grep. Men; for oss var alle reaksjonar velkomne, for no snakka folk om sentrum. Dei viste engasjement og kreativitet ved å fortsette å drodle over nye ting dei gjerne vil ha på Aure.

Eit av konseptane som blei presentert i "LYSA PÅ" var lokalmatutsalet "Bonden & Fiskaren". Vi visste allereie at den lokale REKO-ringa hadde vurdert å utforske om det i det heile tatt var interesse for eit fysisk lokale, og vi ville pirke litt borti dei. Responsen frå lokalbefolkninga var "det hadde vore så kjekt å ha!", og no finn vi butikken i levande live. "Jord & Fjord" er i gang med ein eitt-årig pilot, for å teste ulike modellar for drift.

Dette er eit eksempel på godt samarbeid mellom tettstadsprosjektet, Sykkylven Næringsutvikling og midlar frå omstillingsprogrammet.

LYSA PÅ-kampanjen har fått god omtale i artiklar i lokalavisa, men har òg blitt referert til fleire gongar i etterkant; på leiarplass. Under overskrifter som «Positivt for sentrum og dei andre butikkane» (Nyss 30.8.24) og «Kommunane må gjere seg meir attraktive» (Nyss, 2.8.24), gir redaktøransvarleg tommel opp.



Heia, heia!

Tettadsprosjektet har vore opptatt av å ikkje berre arbeide med fysiske oppgraderingar, men også arbeide for ei mentalitetsendring i tettstaden. Forbetre kommunikasjon mellom ulike aktørar, og bidra til å skape trygge rom for dei som vil satse. Gjere det tryggare å prøve, og tryggare å feile. Det skal opplevast som avleggs å møte nye idéar med ei forut inntatt negativ haldning.

Etter LYSA PÅ-kampanjen vart det neste naturlege steget å tilby et fysisk lokale i sentrum, som kunne hjelpe å gi desse rammene. Saman med omstillingsprogrammet i kommunen, har vi hatt gleda av å lansere prosjektet "POPUP x AURE".

POPUP X

Ditt nye konsept



POPUP x AURE

Har du en draum om å drive for deg sjølv i sentrum? Lurer du på om du skal tørre å satse? Hos oss får du moglegheit til å teste konseptet ditt i ei begrensa periode.



Drøyme, teste, evaluere, justere, etablere. Det er det vi arbeider etter! Tettstadsprogrammet har sitt eige advisory board, bestående av flinke folk innan grafisk design, strategi og butikkdrift - og som står klare til å sparre. Saman med omstillingsprogrammet, har vi gleda av å tilby eit kostnadsfritt butikklokale til dei som vil prøve seg.

Kor lenge kvar enkelt aktør er inne i lokalet, vil vere avhengig av deira behov. Nokon treng berre å "poppe opp" for å sjekke ein respons, medan andre treng tid for å verkeleg teste konseptet sitt. Målet er at minst ein av dei som har vore innom popup'en, vel å satse vidare i sentrum.

«~~Det går ikkje an å satse~~
på vinopplevingar her!»
Hjarteleg velkomen
til vinsmaking på Aure
den 14. september.

POPUP X SOMMELIER
RUSLAN TRETIAK



21. SEP., 10:06

Open vinbar var eit fantastisk bra konsept! 😍 Er det fortsatt det i kveld? Eller andre kveldar?



Hei! Så BRA at du likte det 😍

Ja, det blir åpent frå 20-23 i kveld - skal annonsere det no 😊 🍷



Fantastisk!! 😍 Takk for alt dokke gjer for Aure sentrum! Dokke har løfta det så mange hakk!! Vi er heldige! 🙏 😊 😍



Kaiområdet

Tettstadsprosjektet har i 2024 arbeidd med å sette opp ein midlertidig installasjon på kaiområdet, med bord og benkar under tak, petanque-bane og meir grønt.





Kommunen skal få utvikla endelege planar for kaiområdet, men ein stram kommune-økonomi gjer at eit større løft er nokre år unna. Rema 1000 var i sommar i ferd med å ferdigstille sin nye butikk på området, noko det var knytt stor spenning rundt. Kor mykje av området ville forsvinne? Kva ville skje med det resterande arealet som kommunen eig? Vil det berre stå tomt og aude, som det alltid har gjort? Skulle det forbli ein kjempestor parkeringsplass? Dei store, raude SYKKYLVEN-bokstavane som har blitt ein identitetsmarkør for bygda låg på lagring, i vente av ei ny plassering på kommunal grunn.

Det var difor eit ønskje frå kommune-direktøren, om få til eit strakstiltak før sommaren – på budsjett. Det vart utarbeidd skisser på element som ville stå godt saman med den eksisterande KAITRAPPA, lagt fram sak i kommunestyret 13. juni, og ferdigstilt før fellesferien. Mange disiplinær, instansar og lokale produsentar vart satt i sving, og det var utruleg motiverande å sjå kor raskt ting kan skje om ein berre vil.

Og: SYKKYLVEN-bokstavane har fått ei enno betre plassering enn tidlegare!









Snakkast

«Vi treng ein arena i Sykkylven, der vi som er mellom 18-40 kan treffast, utvide nettverka våre, og snakke om det vi brenn for.»



“Kva er Snakkast?” Det spørsmålet var det fleire som stilte seg, då ein ny instagramprofil dukka opp over natta, med invitasjon til framtidige treff. Treff både i Trondheim og i Sykkylven, der ein skulle snakkast? Snakkast om kva?

Snakkast er eit konsept som vil innta fleire former etterkvart som tida går. Hovudtanken er å samle unge med tilknytning til Sykkylven, for å nettverke, rekruttere, diskutere og engasjere. Aktivitetane vil gå over heile året, og vil variere mellom større og små treff med ulike tema.

21. desember blei det arrangert “Snakkast tett på jula”, kor 80 stk møtte opp for å få påfyll, både sosialt og fagleg. Her hadde vi sofaprat med unge lokale gründerar, passionsnakk frå lokale festivalarrangørar og spesiallaga samtalekort til bruk ved borda.

Bak konseptet finn du representantar frå lokalt næringsliv, Sykkylven vidaregåande skule og Sykkylven kommune. Tettstadsprosjektet har også bidratt med timar inne i dette konseptet, då vi ønskjer framtidige Snakkast-treff om sentrumsutvikling.

Snakkastu mot helga

Snakkastu medan du ventar

Snakkastu like før sommaren

Snakkastu når det trengs

Snakkastu ved vegskillet

Snakkastu om Sykkylven

Snakkastu på Næringsfabrikken

Snakkastu i romjula

Snakkastu rundt grøten

Snakkastu over ein kopp kaffi

Snakkastu etter eksamen

Snakkastu for ei betre framtid

Snakkastu under brua

Snakkastu med det same

Snakkastu utan filter

Snakkastu av erfaring



Det nyttar

Erfaringa gjennom dette prosjektåret har først og fremst vore at Sykkylven har vore klare for noko nytt. Overmodne, faktisk.

Året starta med dybdeintervju av ulike aktørar, og det vart klart at det ikkje er mangel på ting å ta tak i. Manglande samarbeid, manglande vilje, manglande evne, manglande energi, manglande ressursar. Det er negativt. Ikkje så mykje optimisme å spore, til tross for at alle ønskjer det beste for bygda.

Stemmer alt? Kanskje, kanskje ikkje. Men det er her vi har innsett noko viktig: folk si oppfatning betyr noko. Positivitet avlar positivitet, og aktivitet avlar aktivitet. Kommunen har inntatt ei proaktiv rolle.

Ny bibliotekspark? Fantastisk! Endeleg skjer det noko! Spanande frukostmøte på Skaparlinken? Bra! Opning av nytt popup-lokale? Gler meg til å stikke innom, stadig noko nytt!

...Kanskje eg skal finne på noko?

I denne rapporten har vi gjenfortalt dei store linjene, og dei mest synlege prosjekta, som tettstadsprosjektet har vore involvert i dette året. Men det som har vore ei minst like viktig rolle, er det å vere koblingsaktør. Ha tid og anledning til å trekke i trådar her og der, sette saman riktige folk for at gode ting skal skje - og at spanande prosjekt kan bli realisert.

Det overordna målet har handla om å skape lavare tersklar i fleire situasjonar;

- Få ned terskelen for å tørre å satse i sentrum (POPUP x AURE, tettstad sitt advisory board, få fram tilskuddsordningar)
- Få ned terskelen for å treffe nye menneske (uformelle møteplassar, bibliotekspark)
- Få ned terskelen mellom innbyggjarar og kommune ("Skaparhuset" og Skaparlinken, tettstadsprosjektlear som sentrumsressurs)

Saman får vi ting til å skje - med felles mål og gode samarbeid. Det nyttar!



Neste steg

I 2025 kjem vi til å ha fokus på det nye paraplyprosjektet GATELANGS.

Fylkeskommunen har no innvilga søknaden vår for eitt år til med tettstadsprosjekt. Ved å få midlar til ei prosjektleiarstilling, sikrar vi kontinuitet i arbeidet med å løfte Aure sentrum. I det komande prosjektåret fokuserer vi på følgande oppgåver, medan vi går gatelangs;

01 Fysiske oppgraderingar

Store delar av sentrumet vårt er ikkje berre nedslitt, men utslitt. Her er nokre gangfelt og overgangar som ikkje overheld universell utforming.

02 Ny farge- og materialrettleiar

Fylkeskommunen skriv i sin strategi for «Attraktive byer og tettstadar 2023-2026» at «kommunen bør utarbeide formingsrettleiar, farge- og materialpalett for å byggje under og vidareutvikle heilskapleg og stadeigen identitet i byar og tettstadar». Dette var ein del av årets søknad, og vi ser fram til dette arbeidet.

03 Samarbeidsprosjekt med Sykkylven VGS

Sykkylven VGS hadde ved starten av skuleåret 24-25 ein stor workshop for alle elevar. Her var temaet tettstadsutvikling, og kva dei sett pris på og kva dei ville hatt annleis i bygda si. Overraskande mange snakka om sentrum, og viktigheita av å ha det fint rundt seg - så her skal vi ta opp igjen tråden og sjå kva vi kan skape saman.

04 Utforske kva som gir meir gangtrafikk

Død møblering åleine gir ikkje automatisk aktivitet. Korleis bevegar folk seg i sentrumet vårt? Kva kan “poppe opp”? Korleis kan vi legge til rette for at den mjuke trafikanten kjem i fokus?

05 Kaiområdet

Arbeide med heilheitlege planar for området, og sjå korleis ein kan knyte det saman med kvadraturen. Plassering av turistinfoskilting og oppmerking av parkeringsplassar.



“Det var heilt annleis å kome heim til Sykkylven i år”

Vi ser heilt klart at tettstadsprosjektet og auka fokus på sentrum har hatt ein positiv effekt på korleis innbyggjarane omtalar bygda si. Eit levande og aktivt sentrum er avgjerande for både bu- og bli-lyst.

Tettstadsprosjektet vil rette ei særleg takk til Mathias Hovet, Åse Fet, Lars Martin Frøystad, Tommy Rasmussen og Birgitta Roald; gode hjelparar som har bidratt med kompetanse og innsats for å gjere prosjekta gjennomførbare.

Vi er takksame for midlane frå fylket, som bidreg til å gjere Sykkylven til ein enno betre stad å bu - og ein enno betre stad å besøke.

Sykkylven, 5.2.25

STRØMME

